

Vestland fylkeskommune

Dykkar ref.:
2020/74003-15

Vår ref.:
21/01380-2

Dato:
23.03.21

Høyringsfråsegn til Berekraftig verdiskaping – Regionalplan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Høgskulen på Vestlandet (HVL) ser at det er tydeleg overlapp mellom måla og ambisjonane i vår eigen strategi og Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. HVL bygger eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, og ansvarleg innovasjon og berekraftig utvikling er to gjennomgåande satsingar. Heilt sentralt står det å vidareutvikla samspelet med arbeidslivet på heile Vestlandet. Dette er HVL særleg rusta til med satsing på fem campusar, der fire av dei er Vestland fylke. Denne strukturen gjev oss ei brei kontaktflate mot nærings- og samfunnsliv og eit godt grunnlag for samspel.

I oppdraget frå Kunnskapsdepartementet til HVL er det å vera bidragsytar til regional utvikling eit sentralt element. I nye sentrale føringar for sektoren, som Meld. St. 14 (2019–2020) Kompetansereformen – Lære hele livet og ny strategi for desentralisert og fleksibel utdanning, og Meld. St. 16 (2020–2021) Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning, er eit gjennomgåande tema at aktørane må styrka samarbeidet på tvers av sektorar og nivå, og at høgare utdanning må bli meir open og tilgjengeleg for fleire. Eit hovedpoeng er at dette skal svara nettopp på dei omstillingsbehova regionen står midt i, og som vil prega åra fremover. I lys av desse føringane må partnerskapet for regional utvikling i større grad leggja til rette for auka eksperimentering, samarbeid og utvikling av nye arbeidsmåtar.

Vidareutvikling av regionale innovasjonssystem

Ein grunnleggjande bodskap i planen ligg i ambisjonane for vidareutvikling av det regionale innovasjonssystemet. For å få det til, krevst betydeleg samarbeid og partnerskap, og særleg trengs det ei vidareutvikling av samarbeidet mellom forsknings- og utdanningsinstitusjonane og regionale verksemder og klynger. HVL kan bidra med relevant forskning og kunnskapsutvikling innan regional innovasjon.

Valet av smart spesialiseringsstrategi kan bli eit viktig grep som bidreg til strategiske prioriteringar. Metodikken handlar om å byggja vidare på den kompetansen, det næringslivet og dei ressursane som allereie er til stades i regionen, for å utvikla nye nisjer og næringsområde. Strategiar for smart

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på
Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
AKS - Avdeling for
kommunikasjon
og
samfunnskontakt

Saksbehandlar
Tone Skjerdal
Telefon: +4795297729

spesialisering skal fremja fornying og omstilling ved å styrka utviklinga på dei næringsområda der regionen effektivt kan kopla ressursar og kompetansefortrinn med marknadspotensial. For å bidra til kunnskapsgrunnlaget og aktivt samarbeida med fylket for å utvikla UH-institusjonane si rolle i ein smart spesialisingsstrategi, leier HVL eit viktig prosjekt med finansiering frå regionalt forskningsfond. Saman med Vestland fylkeskommune har HVL fått finansiering til prosjektet UniS4Vest: The role of universities for sustainable smart specialisation in Vestland. Det primære målet med UniS4Vest er å analysa rollene som dei viktigaste høgare utdanningsinstitusjonane i Vestland (UiB, NHH og HVL) kan spela gjennom utdannings-, forsknings- og innovasjonsaktivitetane sine, for å vidareutvikla det regionale innovasjonssystemet mot berekraftig smart spesialisering. Dei sekundære måla er mellom anna korleis UH-institusjonane i Vestlandsregionen har bidrege til regional innovasjonssystemutvikling over tid, og korleis samskaping kan støtta lærestader i utviklinga og implementeringa av ein berekraftig smart spesialisingsstrategi.

Fylkeskommunen har fått eit særskilt koordineringsansvar for å leggja til rette for kompetanseutviklinga. HVL ser at gode kartleggingar av kompetanse og –behov er ein viktig del av arbeidet, og at det er noko alle partar dreg nytte av.

Utdanning i regionane gjev arbeidskraft til regionane

Ei ny kandidatundersøking viser at 90 prosent av kandidatane frå HVL har fått relevant jobb to år etter fullført utdanning, og 77 prosent vert buande på Vestlandet. Dette betyr at tett samhandling mellom HVL og arbeidslivet i regionen inneber ein vinn-vinn-situasjon. HVL er avhengig av at dei offentlege og private verksemdene deltek i dette tverrfaglege og tverrprofesjonelle arbeidet for auka verdiskaping. På utdanningsområdet gjeld det til dømes praksis, internship, sommarjobbar og samarbeid om bachelor- og masteroppgåver. I denne typen samarbeid med arbeidslivet legg vi òg grunnlag for utvikling av nye tilbod innan livslang læring. HVL er på mange fagområde i front når det gjeld å tilretteleggja for utdanning for folk som er i arbeid. Desse erfaringane vil vi bruka til å utvikla tilbod på nye fagområde, i tett samarbeid med det arbeidslivet som etterspør kompetansen. Det vil innebera å byggja ned skiljet mellom grunntdanning og vidareutdanning, og gjera det tilbodet HVL allereie har, tilgjengeleg for mange fleire.

Auka arbeidslivsrelevans i utdanning

I Meld. St. 16 (2020–2021) Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høgere utdanning arbeidslivsrelevansmeldinga står det at innovasjon og entreprenørskap skal vera eit gjennomgående tema for alle utdanningar. Alle kandidater skal ikkje bli entreprenørar, men vi skal utvikla meir kunnskap om innovasjon og entreprenørskap gjennom forskning og utdanning, og vi skal laga strukturar for innovasjon og entreprenørskap, som HVL Skape og Bergen Entrepreneurship Academy er gode døme på. Men kanskje like viktig er det at studentene skal trenast i entreprenørskap og kreativitet som metode i og saman med arbeidslivet. Det beste resultatet får vi når desse tre elementa jobbar saman.

Studentane frå HVL møter eit digitalisert læringsmiljø og arbeidsliv. For HVL er difor digital infrastruktur og kompetanse avgjerande, både for å sikra effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling, og for å rusta studentane våre for det digitaliserte arbeidslivet som møter dei under og etter studiane.

Samhandling om utdanning, forskning og innovasjon

Samhandling er tidkrevande både for oss som utdanningsinstitusjon og for næringslivet. Finansiering av HVL si regionale rolle – den tredje rolla i tillegg til utdanning og forskning - er difor eit område vi vil utfordra politikarane på. Med dagens finansieringssystem vert det viktig å nå fram i konkurransen om midlar i ulike ordningar. Både når det gjeld forskning og undervising, er det

avgjerande med samarbeid med dei rette partnarane for å lukkast. HVL forskar på ei rekkje fagområde som er relevante for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. I planen er det synleg når det gjeld grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og korleis vi skal bruka kunnskap om naturressursane i arealbruk for næringsutvikling.

Eit konkret innspel er at UH-sektoren gjerne kan nemnast eksplisitt på side 16 i avsnittet under overskrifta «Bygge kultur for innovasjon og medverknad», særlig i setninga «*Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggjarar og brukarar. Fylkeskommunen og statlege aktørar må samhandle med kommunar, lokalsamfunn, og frivillige organisasjonar for å løyse komplekse samfunnsutfordringar, og legge til rette for næringsutvikling og det grønne skiftet*».

Med helsing

Gunnar Yttri
Rektor

Tone Skjerdal
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven signatur.